



Jørgen Olsvoll
Håtuftvegen 280
5918

Dato: 30.05.2018
Vår ref.: 2018/8475-8
Saksbehandlar: monsera
Dykkar ref.:

Grunneigarvarsel om arkeologisk registrering - utbetring og omlegging av Håtuftvegen - gnr 30 bnr 1 mfl. - Meland kommune


Vi viser til søknad om utbetring og omlegging av Håtuftvegen, gnr. 30, bnr. 1 mfl. i Meland kommune, datert 02.03.2018. I samband med det planlagde tiltaket er det naudsynt å gjennomføre arkeologisk registrering i delar av det aktuelle området, jf. § 11 i kulturminnelova. Arbeidet vil verte utført av Fylkeskonservatoren i Hordaland fylkeskommune som regionalt kulturminnemynde.

Målet med registreringa er å få kartlagt om det er automatisk freda kulturminne som til no ikkje er kjende i det aktuelle området. Arkeologar frå Hordaland fylkeskommune vil gjennomføre undersøkingar på delar av gnr. 30, bnr. 1, 3, 4 og 9 (sjå kartskisse under) i veke 23.

Registreringa vert utført med maskinell flateavdekking i sjakter på om lag 3 meter breidd. Lengd, djupn og avstand mellom sjaktene kan variere avhengig av lokal topografi, funnsituasjon og undergrunn. Lengd på sjaktene kan variere frå om lag 10 meter eller mindre og opp til 50-60 meter eller meir. Avstand mellom sjaktene varierer vanlegvis mellom 8 og 15 meter. Djupn på dei einskilde sjaktene er avhengig av kor mykje masse som må fjernast for å kome ned til steril undergrunn. I areal med skrinn matjord (20-25 cm) er det tilstrekkeleg å fjerne denne, medan i areal med påfylte massar, rasmassar, o.l. kan det vere naudsynt å fjerne opp til 3-4 meter masse i djupna. Ein vil ikkje undersøke nær bygningar eller stader med moderne terrengeingrep.

All jordmasse skal førast tilbake i sjaktene etter at naudsynt dokumentasjon er utført. Så langt det er praktisk mogeleg vert atfylling utført fortløpende, der djupe sjakter vert prioritert. Matjord som er fjerna i sjaktene vert ført tilbake, men areal som er grave opp vert ikkje sådd på nytt. Tiltakshavar, Meland kommune, er erstatningspliktig for eventuelle avlingstap eller ulemper som følgje av undersøkingane.

Dersom areal vert pakta bort, eller det er andre brukarar av arealet som vert råka av undersøkingane våre, ber vi om at grunneigar orienterer desse. I enkelte områder kan det verte aktuelt å opne opp gjerder for å skaffe tilgang til område med gravemaskin. Før gjennomføring av maskinelle undersøkingar vil fylkeskommunen innhente opplysningar om nedgravne kablar, røyr og grøfter i dei aktuelle areala frå Kvinnherad kommune og andre eigarar av slike anlegg. Dersom du har kjennskap til nedgravne kablar, røyr og grøfter på din eigedom ber vi deg om å ta kontakt med oss, slik at vi kan legge undersøkingane utanom desse.



Kart 1. Kartskisse over område som er aktuell for den arkeologiske registreringa med gravemaskin.

Ved spørsmål eller merknader til ovanfor nemnde er ein velkommen til å ta kontakt med Hordaland fylkeskommune, Fylkeskonservatoren v/ sakshandsamar Sigrun Wølstad, tlf. 55 23 99 98, Sigrun.Wolstad@hfk.no eller feltkoordinator Monika Serafinska, tlf. 55 23 91 80, Monika.Serafinska@hfk.no.

David J. Aasen Sandved
kst. fylkeskonservator

Monika Cecylia Serafinska
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Kopi til:
Meland kommune